



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato:	28.08.2024
Møtetid:	14:00-18:30
Møtestad:	Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Utvalsleiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	KRF
Ruben Nielsen	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Johannes O Borge	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Tor Georg Hella	Johannes O Borge	H
Roy Håkon Jenssen	SVGildskapsvara for Mjøs i 44/24 og Helle i sak 41/24	SV

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling – Arnstein Øvsthus

Leiar for teknisk forvaltning – Tore Johan Erstad

Politisk-adm. sekretariat - Runar Ludvigsen og Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Utvalet var på synfaring i forkant av møte frå kl. 10-15:30: Mjøs Metall, Helldal småbåthamn og to areal knyta til KPA på Hamre og Hjellvik.

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 37/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 38/24	Godkjenning av møtebok 28.09.2024
PS 39/24	Referatsaker og meldinger
<i>RS 14/24</i>	<i>Klagevedtak - avslag - dispensasjon og samtykke til bruksendring - 23/1 Osterøy</i>
<i>RS 15/24</i>	<i>Kopi til informasjon - forlenging av virkeperioden for dyrevernnemndene i region sør og vest</i>
PS 40/24	Delegerte saker 28.08.2024
PS 41/24	Kommuneplanen sin arealdel - Prinsippavklaring om LNF-spreidd bustad og fritidsbustad
PS 42/24	Vedtak av reguleringsplan for Mjelstad deponi
PS 43/24	Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003
PS 44/24	Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone PlanID 4630_2022001
PS 45/24	Klage - Avslag på søknad om godkjenning av Askeland Jaktvald
PS 46/24	Landbruk GBNR 135/9 - Klage på vedtak om avslag om frådeling av 5 tomter etter jordlova § 12
PS 47/24	Gbnr 142/1 - Søknad om mellombels plassering av husvogn - handsaming av klage
PS 48/24	Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering
PS 49/24	Gbnr 14/353 - Søknad om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau
PS 50/24	Gbnr 154/5 Olsnes - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny nausttomt
PS 51/24	145/136, 145/147 og 145/148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av leilegheitsbygg - handsaming av klage
EV 5/24	Andre saker/spørsmål

Herdis Helle

Utvalsleiar

PS 37/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 37/2024

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Utvalsleiaren sette fram slikt forslag: sak 44/24 vert behandle som første sak i møte.

Ruben Nielsen (FrP) varsla 3 saker til slutten av møte.

Johannes Haugland (SP) varsla 3 spørsmål til slutten av møte.

Kari L. Mjøs (KrF) varsla 2 spørsmål til slutten av møte.

Utvalsleiaren varsla 1 spørsmål til slutten av møte.

Utvalet ønskjer ein sak om status på KPA i kvart møte framover.

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste.

Votering:

Utvalsleiaren sitt forslag om endring av rekkefølge vert einstemmig vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 37/2024

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend med slik endring: sak 44/24 vert behandla som første sak i møtet.

PS 38/24 Godkjenning av møtebok 28.09.2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 38/2024
Godkjenning av møtebok 28.09.2024:

Roy Jenssen (SV) forlet møte etter sak 44/24.

Kari L. Mjøs kom tilbake i møte.

Fulltalig utval.

Det var ingen merknader til møtebok.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 38/2024
Godkjenning av møtebok 28.09.2024:

Møtebok frå 10.06.2024 vert godkjend.

PS 39/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 39/2024
Referatsaker og meldinger:

Det var ingen merknader til referatsakene

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 39/2024
Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande.

RS 14/24 Klagevedtak - avslag - dispensasjon og samtykke til
bruksendring - 23/1 Osterøy

RS 15/24 Kopi til informasjon - forlenging av virkeperioden for
dyrevernnemndene i region sør og vest

PS 40/24 Delegerte saker 28.08.2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 40/2024
Delegerte saker 28.08.2024:

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 40/2024 Delegerte
saker 28.08.2024:

Melding om dei delegerte sakene vert tekne til vitande.

PS 41/24 Kommuneplanen sin arealdel - Prinsippavklaring om LNF-spreidd bustad og fritidsbustad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 41/2024 Kommuneplanen sin arealdel - Prinsippavklaring om LNF-spreidd bustad og fritidsbustad:

Administrasjonen orienterte, på bestilling frå utvalet, om status på KPA i samband med denne saka.

Utvalsleiaren ønskja sin gildskap vurdert då ho har ein bustad som ho ønskjer omgjort til LNF-spreidd.

Utvalsleiaren (AP) forlot møte.

Roy Jenssen (SV) møtte som vara.

5 av 5 representanter tilstades.

Votering gildskap

Utvalet fann utvalsleiaren gild til å behandle saka då dei ikkje fann henne ugild etter fvl. §6.

Roy Jenssen (SV) forlet møte.

Utvalsleiaren kom tilbake i møte.

Fulltalig utval.

Votering:

Kommunedirektøren sin innstilling vart einstemmig vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 41/2024 Kommuneplanen sin arealdel - Prinsippavklaring om LNF-spreidd bustad og fritidsbustad:

Plan- og kommunalteknisk utval rår til at eigedomar registrert med bustad og fritidsbustad i landbruk-, natur- og friluftsområde, med tomtestorleik inntil 5 dekar, får

status som LNF spreidd eksisterande i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 bokstav b.

Eigedomane vil gå fram ved opplisting av gards- og bruksnummer i føresegnene eller som vedlegg til føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

PS 42/24 Vedtak av reguleringsplan for Mjelstad deponi

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 42/2024

Vedtak av reguleringsplan for Mjelstad deponi:

Utvalsleiaren sette fram slikt fellesforslag på vegne av utvalet:

"Plan- og kommunaltekniskutval sender saka attende til kommunedirektøren. Bakgrunnen er at det ser ut som forslagsstillar har gløymt å oppdatere planføresegn 3.4 om massehandtering i samsvar med heradsstyret sitt vedtak 21.02.2024 sak 7/24.

Utvalet har elles ikkje motsegner til kommunedirektøren si tilrådeing og ber difor om at kommunedirektøren sender saka direkte til heradsstyret 19. september 2024."

Votering:

Utvalet sitt fellesforslag vart einstemmig vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 42/2024 Vedtak av reguleringsplan for Mjelstad deponi:

Plan- og kommunaltekniskutval sender saka attende til kommunedirektøren. Bakgrunnen er at det ser ut som forslagsstillar har gløymt å oppdatere planføresegn 3.4 om massehandtering i samsvar med heradsstyret sitt vedtak 21.02.2024 sak 7/24.

Utvalet har elles ikkje motsegner til kommunedirektøren si tilrådeing og ber difor om at kommunedirektøren sender saka direkte til heradsstyret 19. september 2024.

PS 43/24 Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 43/2024
Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003:

Utvalsleiaren sette fram slikt utsettingsforslag:

"Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte."

Votering utsetting:

Utsettingsforslag vart vedteke 4 røyster mot 1 røyst (H)

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 43/2024 Vedtak av reguleringsplan for Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003:

Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte.

PS 44/24 Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone PlanID 4630_2022001

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 44/2024 Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone PlanID 4630_2022001:

Denne saka vert behandla etter sak 37/24 i møte.

Gildskap

Kari L. Mjøs (KrF) ønskja sin gildskap vurdert då ho er part (ein av tiltakshavarane) i saka.

Kari L. Mjøs (KrF) forlet møte.

Roy Jenssen (SV) møtte som vara.

5 av 5 representanter tilstades.

Votering:

Kari L. Mjøs vart einstemmig kjend ugild til å behandle saka jf. fvl. §6 første ledd bokstav a.

Utvalsleiaren sette fram slikt fellesforslag på vegne av AP, SP og FrP:

"Plan- og kommunalteknisk utval gjer framlegg til heradsstyret om å ikkje vedta planen, men om å be forslagsstillar endra planen som foreslått under og sende han ut på tredjengangs høyring.

I planføresegnene vert føremålet med planen endra frå å legge til rette for betre tilgjenge for ålmenta osb ... til å vere og 'leggje til rette for småbåthamn'.

I setninga med kva planen legg til rette til for vert 'molo med badestrand' og 'toalett-/sanitæranlegg fjerna.

Vidare rår vi til å redusere maksimalt tal på båtplassar frå 40 til 20.

I føresegna om rekkjefylgjekrav i 5.1.1, vert molo, badestrand, turveg og toalett-/sanitæranlegg fjerna.

Øvrige rekkjefylgjekrav består, og inntrer dersom det vert etablert fleire båtplassar enn dei som ligg på dispensasjon i dag."

Votering:

Fellesforslaget frå AP, SP og FrP vart vedteke, 3 røyster mot 2 røyster (SV og H).

Innstillinga fall, 2 røyster (SV og H) mot 3 røyster.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 44/2024 Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone PlanID 4630_2022001:

Plan- og kommunalteknisk utval gjer framlegg til heradsstyret om å ikkje vedta planen, men om å be forslagsstillar endra planen som foreslått under og sende han ut på tredjegang høyring.

I planføresegnene vert føremålet med planen endra frå å legge til rette for betre tilgjenge for ålmenta osb ... til å vere og 'leggje til rette for småbåthamn'.

I setninga med kva planen legg til rette til for vert 'molo med badestrand' og 'toalett-/sanitæranlegg fjerna.

Vidare rår vi til å redusere maksimalt tal på båtplassar frå 40 til 20.

I føresegna om rekkjefylgjekrav i 5.1.1, vert molo, badestrand, turveg og toalett-/sanitæranlegg fjerna.

Øvrige rekkjefylgjekrav består, og inntrer dersom det vert etablert fleire båtplassar enn dei som ligg på dispensasjon i dag.

PS 45/24 Klage - Avslag på søknad om godkjenning av Askeland Jaktvald

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 45/2024 Klage - Avslag på søknad om godkjenning av Askeland Jaktvald:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag vart vedteke 4 røyster mot 1 røyst (FrP)

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 45/2024 Klage - Avslag på søknad om godkjenning av Askeland Jaktvald:

Plan- og kommunalteknisk utval tek ikkje klagen til følge. Osterøy kommune godkjenner ikkje søknad om oppretting av vald for jakt på hjort på gbnr 59/3 og 9 og gbnr 58/1, 14 og 18. Avslaget er gjort med heimel i hjorteviltforskrifta §§ 9 og 11 om «Godkjenning og endring av vald».

Avslaget er grunngjeve med at søknaden ikkje innfrir hjorteviltforskrifta sine formelle krav ved skiping og godkjenning av nye vald:

- § 9 andre ledd, om krav til samanhengande areal.

- § 11 andre ledd, om skriftleg utmelding innan 1. april, med kopi til kommunen.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for vidare klagehandsaming

PS 46/24 Landbruk GBNR 135/9 - Klage på vedtak om avslag om frådeling av 5 tomter etter jordlova § 12

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 46/2024 Landbruk GBNR 135/9 - Klage på vedtak om avslag om frådeling av 5 tomter etter jordlova § 12:

Tor Georg Hella (H) sette fram slikt forslag:

"Plan og kommunalteknisk utval tek klagen til følge og gir løyve til frådeling med heimel i Jordlova § 12.

Grunngjeving:

Utvalet meiner arealet er godt eigna til tomtebustad og at frådelinga ikkje kjem i konflikt med omsyn jordlova § 12 skal verne. Arealet ligg i LNF-spreidd område i gjeldande KPA og bør kunne nyttast til spreidde bustadtomter. Arealet ligg mellom ekisterande bustader, og utvalet er samd i grunngjevinga for søknaden og klagen om at dette ikkje kjem i vesentleg konflikt med omsynet til skogbruk og framtidig drift."

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag vart vedteke 3 røyster mot 2 røyst (H og FrP).

Hella sitt forslag fall 2 røyster (H og FrP) mot 3 røyster.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 46/2024 Landbruk GBNR 135/9 - Klage på vedtak om avslag om frådeling av 5 tomter etter jordlova § 12:

Kommunen sitt vedtak av 24.05.2024 saknr. 124/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans for vedtak etter jordlova, jf. forvaltningslova § 33 og rundskriv M-2/2021 om driveplikt, omdisponering og deling.

Grunngjeving

Det har ikkje kome vesentleg nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av skal endrast. Det vert vist til saksframstilling og vurdering nedanfor.

PS 47/24 Gbnr 142/1 - Søknad om mellombels plassering av husvogn - handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 47/2024 Gbnr 142/1 - Søknad om mellombels plassering av husvogn - handsaming av klage:

Ruben Nielsen (FrP) sette fram slikt forslag:

"Kommunen sitt vedtak av 07.05.2024 saknr. 93/24 vert ikke oppretthold, og Klagen vert teke til følge. Det vert gjeve 10 års løve til husvogna.

Grunngjeving: ei husvogn er ikkje å rekna som eit permanent bygg og kan enkelt flyttes om ein ønskjer dette og er ikkje å rekna som ein belastning for natur eller omgivelser, vogna står alerede der i dag, og me kan ikkje sjå at det er nokon ulemper med at den kan fortsettje å få stå."

Ruben Nielsen (FrP) trakk sitt forslag.

Utvalet sette fram slikt fellesforslag:

"Klagen vert teken til fylgje

Det vert gjeve forlenga løyve til mellombels omdisponering av areal, om lag 100 m², som synt på situasjonskart av 14.05.2014, frå og med 01.09.2024 til og med 31.08.2034, jf. jordlova § 9, jf. § 1.

Ved utløpet av omdisponeringstida skal heile tiltaket fjernast og arealet skal tilbakeførast til landbruksføremål i samsvar med krav frå landbruksavdelinga i kommunen, og det skal meldast frå til kommunen når tiltaket er fjerna, plassen er rydda og arealet er tilbakeført, jf. jordlova § 9, jf. § 1.

Det vert gjeve forlenga mellombels dispensasjon frå og med 01.09.2024 til og med 31.08.2034 til plassering av husvogn/campingvogn på gnr. 142, bnr. 1, Daltveit, i samsvar med situasjonskart av 14.05.2014, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3.

Ved utløpet av dispensasjonstida skal heile tiltaket fjernast og arealet skal tilbakeførast til landbruksføremål, og det skal meldast frå til kommunen når tiltaket er fjerna, plassen er rydda og arealet er tilbakeført, jf. plan- og bygningslova § 19-3.

Frist for å melda i frå til kommunen om at tiltaket er fjerna, plassen er rydda og arealet er tilbakeført til landbruksføremål er 15.09.2034. Løyve til utslepp, etablering av avlaupsanlegg og tilkopling til privat vassleidning av 01.09.2014 saknr. 191/14 vert forlenga i samsvar med mellombels omdisponering og mellombels dispensasjon. Elles gjeld løyve av 01.09.2014 saknr. 191/14 og alle vilkår skal tilfredsstillast."

Grunngjeving:

Omdisponering og dispensasjon vil ikkje krevje nye areaelinngrep eller tiltak. Arealet har svært liten verdi som jordbruksareal og ligg i ein 'grushaug' like ved den kommunale vegen. Det er per i dag ikkje campingplass på Osterøy til å plassere husvogn/campingvogn med spikertelt i kommunen (langtidsplassar) og det er usikkert om det vert etablert slike tilbod i tiårsperioden. Eigar av vogna er fødd og oppvaksen på garden, er godt vaksen og det er lite som tyder på at det vil bli press om å gjere tiltaket permanent når vedkomande ikkje brukar den lenger."

Votering:

Utvalet sitt fellesframlegg vart einstemmig vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 47/2024 Gbnr 142/1 - Søknad om mellombels plassering av husvogn - handsaming av klage:

Klagen vert teken til fylgje

Det vert gjeve forlenga løyve til mellombels omdisponering av areal, om lag 100 m², som synt på situasjonskart av 14.05.2014, frå og med 01.09.2024 til og med 31.08.2034, jf. jordlova § 9, jf. § 1.

Ved utløpet av omdisponeringstida skal heile tiltaket fjernast og arealet skal tilbakeførast til landbruksføremål i samsvar med krav frå landbruksavdelinga i kommunen, og det skal meldast frå til kommunen når tiltaket er fjerna, plassen er rydda og arealet er tilbakeført, jf. jordlova § 9, jf. § 1.

Det vert gjeve forlenga mellombels dispensasjon frå og med 01.09.2024 til og med 31.08.2034 til plassering av husvogn/campingvogn på gnr. 142, bnr. 1, Daltveit, i samsvar med situasjonskart av 14.05.2014, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3.

Ved utløpet av dispensasjonstida skal heile tiltaket fjernast og arealet skal tilbakeførast til landbruksføremål, og det skal meldast frå til kommunen når tiltaket er fjerna, plassen er rydda og arealet er tilbakeført, jf. plan- og bygningslova § 19-3.

Frist for å melda i frå til kommunen om at tiltaket er fjerna, plassen er rydda og arealet er tilbakeført til landbruksføremål er 15.09.2034. Løyve til utslepp, etablering av avlaupsanlegg og tilkopling til privat vassleidning av 01.09.2014 saknr. 191/14 vert forlenga i samsvar med mellombels omdisponering og mellombels dispensasjon. Elles gjeld løyve av 01.09.2014 saknr. 191/14 og alle vilkår skal tilfredsstillast."

Grunngjeving:

Omdisponering og dispensasjon vil ikkje krevje nye areaelinngrep eller tiltak. Arealet har svært liten verdi som jordbruksareal og ligg i ein 'grushaug' like ved den kommunale vegen. Det er per i dag ikkje campingplass på Osterøy til å plassere husvogn/campingvogn med spikertelt i kommunen (langtidsplassar) og det er usikkert om det vert etablert slike tilbod i tiårsperioden. Eigar av vogna er fødd og oppvaksen på garden, er godt vaksen og det er lite som tyder på at det vil bli press om å gjere tiltaket permanent når vedkomande ikkje brukar den lenger.

PS 48/24 Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 48/2024 Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering:

Utvalsleiaren sette fram slikt utsettingsforslag:

Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte.

Votering:

Utsettingsforslaget vart einstemmig vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 48/2024 Gbnr 137/228 - Søknad om dispensasjon for terrengendring, oppføring av garasje og grensejustering:

Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte.

PS 49/24 Gbnr 14/353 - Søknad om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 49/2024
Gbnr 14/353 - Søknad om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering
Lonevåg - opparbeiding av fortau:

Votering:

Kommunedirektøren sin innstilling vart einstemmig vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 49/2024 Gbnr 14/353 - Søknad om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau:

Kommunen gjev dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i planføresegn nr. 1.38 og 1.43 i områderegulering Lonevåg, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 nr. 10, i samband med oppføring av 3 bustadeiningar på gnr. 14 bnr. 353, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 50/24 Gbnr 154/5 Olsnes - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny nausttomt

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 50/2024 Gbnr 154/5 Olsnes - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny nausttomt:

Votering:

Kommunedirektøren sin innstilling vart einstemmig vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 50/2024 Gbnr 154/5 Olsnes - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny nausttomt:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 5 bokstav a og 11-9 nr. 5 til oppretting av ny grunneigedom på 78,3 m², som skal nyttast til nausttomt, frå gnr. 154 bnr. 5, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 51/24 145/136, 145/147 og 145/148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av leilegheitsbygg - handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 51/2024 145/136, 145/147 og 145/148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av leilegheitsbygg - handsaming av klage:

Votering:

Kommunedirektøren sin innstilling vart einstemmig vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 51/2024 145/136, 145/147 og 145/148 - Søknad om dispensasjon for oppføring av leilegheitsbygg - handsaming av klage:

Kommunen sitt vedtak av 10.06.2024 saknr. 34/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 10.06.2024 saknr. 34/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

EV 5/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 5/2024

Andre saker/spørsmål:

Ruben Nielsen (FrP) hadde slike merknader:

FrP ønskjer at tomte på Hjellvik med GBnr 130/3 takast inn i KPA'en.

FrP ønskjer at tomte på Raknes med GBnr 111/4 vert lagt til i KPA'en som LNF spreidd.

FrP ønskjer synfaring på GBnr 118/15 i neste møte i samband med KPA. Ein ønskjer dette inn som LNF spreidd.

Johannes Haugland (SP) hadde slikt spørsmål: Kva er status på byggefeltet på Bruvik.

På vegne av kommunedirektøren svarte leiar for teknisk forvaltning slik: Det kjem status på dette ein gong til hausten.

Johannes Haugland (SP) hadde slikt spørsmål: Er den nye rundkjøringen ved Valestrand skule for liten for buss?

På vegne av kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Det er ukjent for oss, men vi kan sjekke dette opp.

Johannes Haugland (SP) hadde slikt spørsmål: Det gjeldt saka om konsesjon ved Mjøs Metall. Er det riktig at det i fjor sommar (2023) vart utarbeidd ein sak som vart trekt før sakspapira vart sendt ut.

På vegne av kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Vi kjenner ikke til noko anna sak enn den som vart behandla, som gjaldt utsetting frå 2023 til 2024.

Kari L. Mjøs (KrF) hadde slikt spørsmål: Kor vert det av skilta om 60-sone på Helldal/Hosanger.

På vegne av kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Fylket har no fatta vedtak, så det gjenstår berre å få satt opp skilta. Dei har også endra noko på skiltplasseringa.

Kari L. Mjøs (KrF) hadde slikt spørsmål: Det ryktes om trafikkkaos på Svenheim pga at google maps sender dei som skal til Kossdalen via Svenheim. Kan kommunen gjere noko for å rute om trafikken til Kossdalen til Hosanger?

På vegne av kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Kommunen ønsker ikkje at denne vegen vert brukt i samband med besøk til Kossdalen. Kommunen jobbar med tillatelse til skilting og endring av automatisk rute i google maps.

Tor Georg Hella (H) hadde slikt spørsmål: Reguleringsplanen på Holmane næring er no på høyring. Kan kommunen sende inn høyringssvar om at det den nye planen ikkje vil føre med seg auka tungtrafikk nordover, slik fylke hevder.

På vegne av kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Vi er godt kjend med dette og det er riktig som Hella seier. Kommunen har møte med aktørane i neste veke og følgjer saka tett.

Utvalsleiaren hadde slikt spørsmål: Det er nokre hol i vegen på Åsheim/Haus i etterkant av VA-arbeid. Kan kommunen sjekke dette og tette igjen hola?

På vegne av kommunedirektøren svarte kommunalsjefen slik: Det skal vi sjekke ut.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 28.08.2024 av sak 5/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vart ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

